

# Kvinnherad Kulturskule

## Læreplan for Trommesett

### 1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigmeldt og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigenidentitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule erforankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles». Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleveling og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015- 2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

#### Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: [kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no](mailto:kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no)

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: [www.kulturskulen.kvinnherad.no](http://www.kulturskulen.kvinnherad.no)

### 2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfold og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiglig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget.

Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program:

breiddaprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

### 3. Alder:

Frå 9 år.

#### **4. Instrument/utstyr**

Nødvendig utstyr er trommesett med skarptromme, basstromme, 3 tammer, hi hat, ride cymbal, crash cymbal (fortrinnsvis to), trommestikker, øvelse pad og notestativ. Elektronisk trommesett er også i orden.

Læraren kan gi råd og hjelpe eleven med finne eit godt instrument.

#### **5. Organisering av undervisninga**

Undervisninga er organisert som ein-til-ein undervisning på 22,5 minutter per veke. Undervisning på

trommesett er for tida lagt til Ungdomsskule i Rosendal og kulturskulesenteret på Husnes.

#### **6. Konserter og samspel**

Me har faste konserter både før jule- og sommarferien på kulturskulen. I tillegg er det gode moglegheiter til å sette opp konserter og spele på ulike arrangement i Kvinnherad og i nabokommunane i løpet av året.

Det er ikkje obligatorisk å spele på konserter, men det er ynskjeleg og vil bli sterkt oppmoda til, då det er utviklende og berikande både for eleven sjølv og for det lokale kulturlivet.

#### **7. Eigenøving**

Daglig øving er grunnleggjande for utviklinga av musikalske ferdigheter over tid, og det er viktig at både elevar og foreldre forstår dette. Instrumentallæraren vil anbefale øvingstid og –mengde i samtale med kvar enkelt elev.

#### **8. Evaluering**

Me har to elevvurderingar kvart skuleår, der me inviterer foreldre og elevar til samtale om timane og den musikalske opplevinga i kulturskulen. Me tar også i mot jamlege tilbakemeldingar underveis dersom det skulle vere noko ein ynskjer å ta opp.

#### **9. Mål for undervisninga**

1. Begynnernivå: Nye elevar frå 4. trinn i grunnskolen og oppover.
2. Mellomnivå: Elevar som har spelt ei stund (normalt 1 - 6 år).
3. Vidarekomme nivå: Elevar som har spelt lenge (normalt meir enn 6 år).

Mål for undervisninga på begynnerstadiet

- Lære grunnleggjande teknikkar for grep trommestikke, teknikk fot, sentrale kombinasjonar av strøk, namn på dei ulike delane i eit trommesett, og korleis ein skal sitte når ein spelar.
- Lære kva puls er, og korleis ein skal telle og føle puls når ein spelar
- Grunnleggjande notelesing
- Lære «fills» og korleis det fungerar og skal anvendas i musikk
- Grunnleggjande notasjon når ein komponerer

#### Mål for undervisninga på mellomstadiet

- Lære teknikkar som gjer det lettare å spele, samt utvikle dei ulike delane i arm og hand
- Kjennskap til sentrale notekombinasjonar og korleis ein brukar ulike tempi avhengig av individuell sjanger
- Dynamiske teknikkar og dynamikkens funksjon i ulike sjangre
- Lære ulike delar i ein song og forstå kva funksjon dei har
- Avansert notelesing
- Meir avanserte fills og grooves
- Bruk av «play-along»
- Meir detaljert komposisjonsprosess
- Kjennskap til sentrale opptaksteknikkar

#### Mål for undervisninga på vidarekomme nivå

- Meir avansert notelære
- Bruk av rudimenter på ein musikalsk måte
- Meir avansert play-along
- Improvisasjon på et høgt nivå med ulike rytmar og i ulike stilar
- Komposisjon og opptak på høgare nivå
- Avanserte teknikkar for fills og grooves
- Fremføringsteknikkar

#### **10. Fordumpingstilbudet**

Kvinnherad kulturskule samarbeidar regionalt om fordjupningstilbod med Stord kulturskule som avgjer fagtilbuddet, dets organisering og utforminga på grunnlag av Nasjonal rammeplan for kulturskulen